Kvartalsrapport

3. kvartal 2026



Innhaldsliste

Hovudtal Sogn Sparebank ... 3

Nøkkeltal ... 4

Styret si melding ... 5
- Resultat ... 5
- Driftsinntekter ... 6
- Driftskostnader ... 6
- Nedskrivingar på utlån og garantiar ... 6
- Avkastning på eigenkapitalbevisa ... 6

Balanse ... 7
- Utlån ... 7
- Innskot ... 7
- Kapitaldekning ... 7
- Dotterselskap og tilknytt selskap ... 8

Utsiktene framover ... 9

Kvartalsrekneskap Q3 – 2026 ... 11

Balanse ... 12
- Eigendelar ... 12
- Gjeld og eigenkapital ... 12

Eigenkapitaloppstilling ... 13

Kontantstraumoppstilling ... 14

Notar ... 15
- Note 1 Generell informasjon ... 15
- Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat ... 15
- Note 3 Konsern og tilknytt selskap ... 16
- Note 4 Transaksjonar med nærståande partar ... 18
- Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i tredje kvartal ... 18
- Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring ... 18
- Note 7 Nedskriving, tap, finansiell risiko ... 19
- Note 8 Segment ... 22
- Note 9 Verdipapir ... 22
- Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring ... 23
- Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir ... 24
- Note 12 Kapitaldekning ... 24
- Note 13 Eigarandelsbrøk ... 26
- Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar ... 27
- Note 15 Hending etter balansedag ... 28

Hovudtal Sogn Sparebank

	Kvartalsrekneskap			
RESULTATSAMANDRAG	**30.09.2026**	**i % av gj.sn. forv.kap.**	**30.09.2025**	**i % av gj.sn. forv.kap.**
Netto renteinntekter	134 200	2,09 %	140 253	2,26 %
Netto andre driftsinntekter	25 621	0,40 %	23 110	0,37 %
Netto avkastning finansielle investeringer	30 848	0,48 %	29 894	0,48 %
Sum driftsinntekter	**190 669**	**2,96 %**	**193 257**	**3,11 %**
Sum driftskostnader	**82 921**	**1,29 %**	**81 167**	**1,31 %**
Resultat før tap	**107 748**	**1,67 %**	**112 090**	**1,81 %**
Tap på utlån	1 182	0,02 %	-1 725	-0,03 %
Skattekostnad	23 270	0,36 %	24 970	0,40 %
Ordinært resultat etter skatt	**83 296**	**1,29 %**	**88 846**	**1,43 %**
Totalresultat	**108 285**	**1,68 %**	**107 596**	**1,73 %**



Sogn Sparebank har kontor i Sogn og i Bergen, her et bilete av medspelarar frå kontoret i Vik i Sogn.



Banken er ein viktig del av lokalsamfunnet, her er det bilete av medspelarar frå kontoret i Lærdal.

Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.09.2026	30.09.2025
Balansetal		
Brutto utlån	7 342 054	6 693 400
Eika Boligkreditt AS	901 797	973 927
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	8 243 851	7 667 327
Innskot frå kundar	6 760 622	6 384 589
Innskotsdekning	92,08 %	95,39 %
Forvaltningskapital	8 915 117	8 292 737
Lønsemd		
Kostnadsprosent ekslusiv verdipapir	51,88 %	49,68 %
Kostnadsprosent inklusiv verdipapir	43,49 %	42,00 %
Eigenkapitalavkastning (totalresultat)	10,70 %	11,78 %
Eigenkapitalavkastning (resultat etter skatt)	8,23 %	9,73 %
Soliditet		
Rein kjernekapitaldekning, morbank	28,50 %	28,49 %
Kjernekapitaldekning, morbank	28,50 %	28,49 %
Kapitaldekning, morbank	28,50 %	28,49 %
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	26,32 %	26,13 %
Uvekta kjernekapitalandel konsolidert	12,21 %	13,25 %
Likviditet (morbank)		
LCR	225	257
NSFR	132	134
Eigenkapitalbevis (morbank)		
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	22,00	20,00
Bokført pr EK bevis	261,11	252,87
Kurs på eigenkapitalbevis	309,70	255,00
Pris/bokført verdi	1,19	1,01
Resultat pr. eigenkapitalbevis	15,59	17,77
Tal kontor	7	7
Årsverk morbank	43,1	40,3

Styret si melding

Sogn Sparebank si økonomiske utvikling i tredje kvartal 2026 er i tråd med banken sine forventningar.

Hovudinntekta til banken kjem frå rentenetto. Rekneskapen for tredje kvartal 2026 er utarbeidd i samsvar med IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34.





Rådgjevarane er klare for å finne gode løysingar for deg.

Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit resultat før tap på 107,7 mill. kroner pr. Q3 2026. Resultat før tap er 4,3 mill. kroner lågare enn tredje kvartal 2025.

Rekneskapen til Sogn Sparebank viser at resultatutviklinga frå 2025 held fram. Banken opplever at konkurransen på forsikring og banktenester er sterk, men me ser likevel vekst i banken si forvaltning. Det er avsett 1,18 mill. kroner på tap utlån og garantiar hittil i 2026.

Resultat etter skatt gjev ein eigenkapitalavkastning[1] pr. 30.09.2026 på 8,23 %.

Totalresultatet er påverka av verdiendring på finansielle eigendelar, hovudsakleg frå Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS. Banken rapporterer eit totalresultat pr. 30.09.2026 på 108,3 mill. kroner etter skatt, ein auke med 0,7 mill. kroner pr. 30.09.2025.

[1] Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank» pr. 31.12.2025.

Eigenkapitalavkastning, resultat etter skatt
8,23 %

Resultat etter skatt
83,3
mill.kroner

Driftsinntekter

Netto renteinntekter er 134,2 mill. kroner, som utgjer 2,09 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Tilsvarande tal for tredje kvartal 2025 var renteinntekter på 140,3 mill. kroner som var 2,26 % av GFK. Pr. 30.09.2026 var andre ordinære driftsinntekter 25,6 mill. kroner, som utgjer 0,40 % av GFK. Samla utgjer våre driftsinntekter 2,96 % av GFK mot 3,11 % i same periode fjor.

Driftskostnader

Pr. 30.09.2026 var driftskostnadene 82,9 mill. kroner, tilsvarande 1,29 % i høve til GFK, som er 0,02 prosentpoeng lågare enn i fjor. Kostnadsprosenten i prosent av totale inntekter, inklusiv verdipapir, er på 43,49 % mot 42,00 % i same periode fjor. Kostnadsprosenten eksklusiv verdipapir er 51,88 % mot 49,68 % i same periode i 2025.

Forvaltningskapital
8,9
mrd. kroner

Driftskostnader
82,9
mill. kroner

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Banken har pr. tredje kvartal avsett nedskrivingar på utlån og garantiar på 1,18 mill. kroner som er ein auke på 2,9 mill. kroner frå i fjor. Det er føreteke mindre justeringar på tidlegare tapsavsette engasjement.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Banken rapporterer eit resultat pr. 30.09.2026 etter berekna skatt på 83,3 mill. kroner, tilsvarande 1,29 % av GFK, mot 1,43 % i same periode i fjor. Dette er om lag som forventa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Berekna resultat er på 15,59 kroner pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.09.2026 var kroner 309,70 pr. eigenkapitalbevis.

Balanse

Utlån

Pr. 30.09.2026 har banken 7 342,1 mill. kroner i bruttoutlån som er ein auke på 648,7 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 9,69 % i eigen bank. Lån til personmarknaden utgjer 6 400,4 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 941,6 mill. kroner.

I tillegg yter banken 901,8 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, det er ein nedgang på 72,1 mill. kroner, tilsvarande ein nedgang på 7,41 % i høve til same tid i fjor.

Total utlånsvekst inklusive Eika Boligkreditt AS ligg på 7,52 % sett mot fjoråret.

Innskot

Pr. 30.09.2026 har banken 6 760,6 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 376,0 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 5,89 %. Innskot frå personmarknaden utgjer 4 715,3 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 2 045,3 mill. kroner. Innskotsdekninga i banken pr. 30.09.2026 er 92,08 %. Pr. 30.09.2026 har banken ein forvaltningskapital på 8 915,1 mill. kroner, som er ein auke på 622,4 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 7,51 %.

Kapitaldekning

Pr. 30.09.2026 var banken si kapitaldekning 28,50 % mot 28,49 % i same periode i 2025. Sogn Sparebank har pr i dag berre rein kjernekapital. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje med i kapitaldekninga.

Etter forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er rein kjernekapitaldekning på 26,32 %, mot fjoråret på 26,13 %.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i Eika alliansen, jf. note 12.



Bilete av vinnarane av SognaPitch, eit samarbeid mellom Kunnskapsparken Vestland og Sogn Sparebank.

Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Sparebank Eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal, jf. note 3.
- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Forsikring AS. Selskapet selde tidlegare Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Denne verksemda er no vidareført i Sogn Sparebank, og selskapet er under avvikling, jf. note 3.

Utsiktene framover

Banken har i tredje kvartal 2026 oppnådd gode resultat, og skal halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar for kundane og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partnar for privatkundar og verksemder.

Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft og gjev gåver til allmennyttige føremål. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

Me gjer Sogn til ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

God styring av risiko er eit prioritert område. Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q3-2026. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å styrka drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

Noregs Bank har auka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng i september 2026, og har gitt uttrykk for at styringsrenta er forventa til å holde seg på dette nivået i perioden framover. Det er stor usikkerheit om utviklinga av verdsøkonomien i året som kjem. Konfliktsituasjonen i verda kan påverke rentenivået også i Noreg.

Sogn Sparebank har ein solid kapitaldekning og god likviditet, og vil også framover vere ein sutalaus medspelar for våre kundar. Fokus til banken er heile tida å ha god drift og lønnsemd, og jobba til det beste for kundane. Ved å tilby individuell rådgiving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Årdalstangen den 13.11.2026

Atle Terum (s.) Styreleiar	Sindre Wergeland (s.) Nestleiar	Olav Vikøren (s.)
Marit Røyrvik Eldegard (s.)	Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)	Leif Andresen (s.) Tilsetterepresentant
		Mads Arnfinn Indrehus (s.) Adm. banksjef

Kvartalsrekneskap Q3 – 2026

Resultat						**Året**
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	**Note**	**Q3 2026**	**Q3 2025**	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Renteinntekter - amortisert kost		108 043	106 052	303 954	313 317	412 598
Renteinntekter - verkeleg verdi		822	554	2 413	1 681	3 361
Rentekostnadar		60 453	58 089	172 167	174 745	228 515
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		**48 412**	**48 516**	**134 200**	**140 253**	**187 444**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		8 784	9 416	25 616	23 638	31 916
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1 327	1 051	3 398	3 460	4 829
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrumenter		86	37	16 369	18 364	22 932
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	9	4 866	4 072	14 479	11 531	15 515
Andre driftsinntekter		1 412	935	3 403	2 931	4 180
Netto andre driftsinntekter		**13 821**	**13 408**	**56 469**	**53 004**	**69 714**
Løn og andre personalkostnader		11 482	10 427	37 774	35 353	50 239
Andre driftskostnader		11 507	10 703	38 116	37 971	54 546
Avskrivningar på driftsmiddel		2 329	2 036	7 030	7 843	9 892
Sum driftskostnader før tap på utlån		**25 318**	**23 166**	**82 921**	**81 167**	**114 677**
Resultat før tap		**36 915**	**38 759**	**107 748**	**112 090**	**142 481**
Kredittap på utlån og garantier	7	3 155	-1 471	1 182	-1 725	-154
Driftsresultat før skatt		**33 760**	**40 230**	**106 566**	**113 815**	**142 635**
Skattekostnad		6 570	8 470	23 270	24 970	29 568
Resultat av ordinær drift etter skatt		**27 190**	**31 760**	**83 296**	**88 846**	**113 067**
Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner						
Verdiendring på finansielle eigendeler	9	35 938	13 217	24 989	18 751	41 087
Postar som ikkje vil bli reversert i resultatet		**35 938**	**13 217**	**24 989**	**18 751**	**41 087**
Totalresultat		**63 127**	**44 977**	**108 285**	**107 596**	**154 153**
Resultat per eigenkapitalbevis		**5,09**	**6,35**	**15,59**	**17,77**	**22,62**

Balanse

Eigendelar

Tall i tusen kroner	Note	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Kontantar og fordringar på sentralbankar		89 190	87 979	90 687
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		604 601	686 790	601 037
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi	5, 6, 7	22 404	22 404	22 404
Utlån til og fordringar på kunder til amortisert kost	5, 6, 7	7 291 578	6 638 775	6 704 151
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	9	393 590	377 215	380 720
Verdipapir til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	9	399 849	359 466	379 444
Eigarinteresser i tilknytta selskap	3, 9	0	135	135
Eigarinteresser i dotterselskap	3, 9	14 705	13 350	13 350
Varige driftsmiddel		90 591	93 306	94 228
Andre eigendelar		8 409	11 716	4 870
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		200	1 600	1 400
Sum eigendelar		**8 915 117**	**8 292 737**	**8 292 426**

Gjeld og eigenkapital

Tall i tusen kroner	Note	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Innlån frå kredittinstitusjoner		201 833	60 577	60 558
Innskot frå kundar	10	6 760 622	6 384 589	6 347 511
Gjeld ved utsteda verdipapir	11	501 317	500 604	500 620
Anna gjeld		32 457	54 446	36 593
Betalbar skatt		22 255	26 800	34 839
Utsett skatt		968	1 129	968
Andre avsetninger		376	357	545
Sum gjeld		**7 519 829**	**7 028 501**	**6 981 633**
Innskoten eigenkapital	12, 13, 14	63 764	63 764	63 764
Opptent eigenkapital		1 248 227	1 111 626	1 133 962
Udisponert overskot etter skatt		83 296	88 846	113 067
Sum eigenkapital		**1 395 287**	**1 264 236**	**1 310 793**
Sum gjeld og eigenkapital		**8 915 117**	**8 292 737**	**8 292 426**

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 30.09.2026

	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital				
Tal i tusen kroner	**Eigenkapitalbevis**	**Eigne eigenkapital-bevis**	**Overkurs-fond**	**Sparebanken sitt fond**	**Utjamnings-fond**	**Gåvefond**	**Fond for urealiserte vinstar**	**Anna opptent eigenkapital**	**Sum eigenkapital**
Eigenkapital 31.12.2025	**31 625**	**-673**	**32 812**	**962 941**	**68 724**	**109 389**	**105 974**	**0**	**1 310 793**
Resultat etter skatt								83 296	83 296
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							24 989		24 989
Totalresultat 30.09.2026	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**24 989**	**83 296**	**108 285**
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-13 915	-9 876			-23 791
Utbetalt frå gåvefond									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.09.2026	**31 625**	**-673**	**32 812**	**962 941**	**54 809**	**99 513**	**130 963**	**83 296**	**1 395 287**
Eigenkapital 31.12.2024	**31 625**	**-673**	**32 812**	**943 190**	**67 070**	**39 375**	**64 887**		**1 178 287**
Resultat etter skatt				77 605	11 240				88 846
Estimatavvik pensjon									0
Endring i utsatt skatt estimatavvik									0
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							18 751		18 751
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)									0
Skatt på verdiendring utlån									0
Totalresultat 30.09.2025	**0**	**0**	**0**	**77 605**	**11 240**	**0**	**18 751**	**0**	**107 596**
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-12 650	-8 997			-21 647
Utbetalt frå gåvefond									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.09.2025	**31 625**	**-673**	**32 812**	**1 020 795**	**65 660**	**30 378**	**83 638**	**0**	**1 264 236**

Kontantstraumoppstilling

Tal i tusen kroner	**30.09.2026**	**30.09.2025**
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av utlån til kundar	(587 005)	(95 389)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	285 114	289 933
Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	285 617	145 860
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	(14 883)	(15 612)
Netto utbetaling av utlån til kredittinstitusjonar		(25 987)
Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	19 125	25 415
Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	-	-
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	341	370
Netto provisjonsinnbetalingar	22 218	20 178
Utbetaling ved kjøp av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	(97 228)	-
Innbetaling frå sal av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	97 376	503
Utbetalingar til drift	(83 030)	(86 117)
Betalt skatt	(33 158)	(19 369)
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	**-105 512**	**239 785**
Kontantstraumar frå investeringar		
Investering i varige driftsmidlar	(3 442)	(12 591)
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	-	-
Investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	7 086	1 539
Innbetaling frå sal av langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	(3 258)	(17 935)
Utbyte frå investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	16 369	18 327
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	**16 755**	**-10 660**
Kontantstraumar frå finansiering		
Utbetaling knytt til leigeforpliktingar	(2 252)	-
Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	300 000	-
Tilbakebetaling av utsteda av verdipapir	(300 000)	(200 744)
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	(19 279)	(27 698)
Opptak av lån til kredittinstitusjonar	140 000	-
Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-	(90 000)
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	(3 854)	(4 435)
Utbetaling frå gavefond	(9 876)	(8 997)
Utbyte til eigenkapitalbeviseigarane	(13 915)	(12 650)
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	**90 824**	**-344 524**
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	**2 067**	**-115 398**
Likviditetsbehaldning 1.1	691 724	858 781
Likviditetsbehaldning 30.09	**693 791**	**743 382**
Likvidetsbehaldning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Noregs Bank	89 190	87 979
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	604 601	655 403
Likviditetsbehaldning	**693 791**	**743 382**

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

Note 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01. - 30.09.2026. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedom AS og Sogn Forsikring AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Rekneskapen for tredje kvartal 2026 vart vedteke av styret 13.11.2026.

Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank, og alternativ resultatmål for 2025, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert fortløpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen omfattar individuelle og gruppevise vurderingar i samband med nedskrivingar i steg 3.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9 nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det

lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsmeldinga for 2024 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata, fører til at det er nødvendig å nytte skjønn i gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen i rentemarknaden, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert frå tredje kvartal i fjor til i år. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med utestående eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har berre små justeringar i tredje kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar. Slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit. Verdsettingsteknikkar som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg nyttast reelle data. Aksjar som er klassifisert i nivå 3 omfattar i det vesentlegaste investeringar i unoterte aksjar, der det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument, jf. note 9.

Note 3 Konsern og tilknytt selskap

Sogn Sparebank Eigedom AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak.

Sogn Sparebank har i april 2026 kjøpt resterande aksjar i Sogn Forsikring AS. Selskapet er no eit 100 % eigd dotterselskap. Den 3. juli 2026 vart det vedteke frivillig avvikling av selskapet, og avviklingsprosessen er sett i gang.

Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedom AS og Sogn Forsikring AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Konsern - Goodwill

Sogn Sparebank har ikkje bokført Goodwill pr. 30.09.2026.

Note 4 Transaksjonar med nærståande partar

Sogn Sparebank Eigedom AS

Banken har inngått leigekontrakt med Sogn Sparebank Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal.

Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i tredje kvartal

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar


	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Misleghald personkundar	30 558	37 610	41 743
Misleghald næringslivskundar	15 754	24 293	18 552
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-13 710	-15 374	-13 387
Netto misleghaldne engasjement	**32 602**	**46 529**	**46 908**

Andre kredittforringa engasjement

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Kredittforringa engasjement personkundar	22 775	17 746	23 712
Kredittforringa engasjement næringslivskundar	36 258	59 925	64 712
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-8 195	-11 302	-14 543
Netto andre kredittforringa engasjement	**50 838**	**66 369**	**73 881**

Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Primærnæringer	67 341	76 796	73 723
Industri og bergverk	29 016	15 991	14 722
Kraftforsyning	127 168	129 065	128 836
Bygg og anleggsvirksomhet	138 867	139 666	159 299
Varehandel	46 436	41 418	41 501
Transport	21 501	21 681	21 443
Overnattings- og serveringsvirksomhet	125 270	141 304	132 860
Informasjon og kommunikasjon	11 931	11 916	11 072
Omsetning og drift av fast eiendom	309 357	318 133	321 121
Tjenesteytende virksomhet	64 722	64 022	63 778
Sum næring	**941 609**	**959 992**	**968 355**
Personkunder	6 400 445	5 733 408	5 791 566
Brutto utlån	**7 342 054**	**6 693 400**	**6 759 921**
Steg 1 nedskrivningar	-3 330	-2 287	-2 235
Steg 2 nedskrivningar	-2 934	-3 362	-3 364
Steg 3 nedskrivningar	-21 808	-26 572	-27 768
Netto utlån til kundar	**7 313 982**	**6 661 179**	**6 726 555**
Utlånsportefølje hos Eika Boligkreditt AS (EBK)	901 797	973 927	965 473
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	**8 215 779**	**7 635 106**	**7 692 028**



Note 7 Nedskriving, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivingar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivingar ved fråtrekk av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring viser endring i tap eller engasjement som følge av innbetalinger/økning av saldo der lån ikke har skiftet trinn.
- Konstaterte tap
- Nedskriving på unytta kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

Tabellar pr. 3. kvartal 2026

Personmarknaden

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden - nedskrivingar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	605	2 272	10 880	13 757
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	548	-548	0	0
Overføringar til steg 2	-52	318	-266	0
Overføringar til steg 3	-27	-118	145	0
Netto endring *)	-648	-144	5 286	4 493
Endringer som følge av nye eller økte utlån	1 196	458	0	1 654
Finansielle eigendelar som er fråreknа i perioden	-121	-840	-3 262	-4 223
Konstaterte tap	0	0	-2 766	-2 766
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.09.2026	**1 500**	**1 399**	**10 016**	**12 915**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2026	5 335 286	390 825	65 455	5 791 566
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	136 318	-136 318	0	0
Overføringar til steg 2	-99 716	107 329	-7 614	0
Overføringar til steg 3	-1 666	-9 692	11 357	0
Netto endring *)	-141 615	-9 639	4 008	-147 246
Nye finansielle eigendelar utsteda	1 681 221	117 771	0	1 798 992
Finansielle eigendelar som er fråreknа i perioden	-933 248	-89 747	-19 873	-1 042 868
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2026	**5 976 581**	**370 530**	**53 334**	**6 400 445**

Tabellar pr. 3. kvartal 2026

Bedriftsmarknaden

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	1 630	1 092	16 888	19 610
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	4 246	-363	-3 883	0
Overføringar til steg 2	-84	84	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-4 106	651	5 928	2 473
Endringer som følge av nye eller økte utlån	239	167	0	406
Finansielle eigendelar som er fråreknа i perioden	-95	-95	-3 795	-3 985
Konstaterte tap	0	0	-3 346	-3 346
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 30.09.2026	**1 830**	**1 536**	**11 792**	**15 157**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2026	799 183	85 908	83 264	968 355
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	57 437	-39 205	-18 232	0
Overføringar til steg 2	-41 267	41 267	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-48 350	-483	-7 303	-56 136
Nye finansielle eigendelar utsteda	79 011	4 281	0	83 292
Finansielle eigendelar som er fråreka i perioden	-42 217	-5 018	-6 667	-53 902
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2026	**803 797**	**86 750**	**51 062**	**941 609**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar - nedskrivningar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	288	95	162	545
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	83	-20	-63	0
Overføringar til steg 2	-7	11	-4	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på utlån utbetalt i år	-60	18	-78	-120
Finansielle eigendelar som er fråreka i perioden	12	2	0	14
Andre eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-121	-21	0	-143
Andre justeringer	0	0	79	79
Nedskrivningar pr. 30.09.2026	**194**	**85**	**97**	**376**

30.09.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto engasjement pr. 01.01.2026	331 403	15 592	1 707	348 701
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	5 217	-4 490	-727	0
Overføringar til steg 2	-1 746	1 836	-90	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	11 481	-2 778	59	8 762
Nye finansielle eigendelar utstede	33 708	350	0	34 058
Finansielle eigendelar som er fråreka i perioden	-36 617	-1 602	0	-38 220
Brutto engasjement pr. 30.09.2026	**343 445**	**8 907**	**949**	**353 301**

*) Netto endring viser endring i tap som følgje av innbetalingar/auke av saldo der lån ikkje har skifta trinn.

Resultatførte tap

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.09.2026	30.09.2025
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-5 960	-6 257
Endring i perioden i steg 3 på garantiar og unytta kredittar	-65	-55
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	562	-2 667
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er gjort nedskrivningar i steg 3	6 112	7 352
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er gjort nedskrivningar i steg 3	0	0
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	533	-98
Tapskostnader i perioden	**1 182**	**-1 725**

Note 8 Segment

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering, føreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og teneste som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

Note 9 Verdipapir

30.09.2026				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapirer, til verkeleg verdi.	*NIVÅ 1*	*NIVÅ 2*	*NIVÅ 3*	**Totalt**
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		10 100		10 100
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	10 889	366 365	6 236	383 490
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			414 554	414 554
Sum	**10 889**	**376 465**	**420 790**	**808 144**

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	392 929	6 944
Realisert vinst/tap	(68)	177
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	-	(421)
Urealisert vinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	25 057	-
Investering	2 577	-
Sal	(5 942)	(464)
Utgåande balanse	**414 553**	**6 236**

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi og opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsetjingsnivå angir nivået på verdsetjingsmetoden som er brukt for å fastsetje verkeleg verdi.

Nivå 1 – er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknader.

Nivå 2 – er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.


Nivå 3 – er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata.

Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Verdsetjinga av Norway's Best Group AS er basert på ei intern verdivurdering per 31.12.2025, basert på relevante verdsetjingsmetodar og justert for ein likviditetsrabatt på 35%. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetningskurs, teke omsyn til banken sine eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Til saman utgjer desse aksjane 346,9 mill. kroner av totalt 420,8 mill. kroner i nivå 3.

Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Jordbruk, skogbruk, fiske	140 992	135 586	120 806
Industri	170 503	123 973	125 514
Bygg og anlegg	95 571	109 553	118 478
Handel, hotell, transport	571 922	484 850	523 576
Finansiering, eigedomsdrift	274 276	379 320	259 965
Offentleg forvaltning og andre	792 034	704 375	718 768
Sum næring	**2 045 298**	**1 937 657**	**1 867 107**
Personkundar	4 715 324	4 446 932	4 480 404
Sum innskot frå kundar	**6 760 622**	**6 384 589**	**6 347 511**



Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013010439	11.09.2023	11.09.2026	200 000	0	200 575	200 595	3 mnd. NIBOR + 1,03%
NO0013354050	27.09.2024	27.09.2027	200 000	200 036	199 979	200 010	3 mnd. NIBOR + 0,62%
NO0013354068	25.09.2024	25.09.2026	100 000	0	100 050	100 015	3 mnd. NIBOR + 0,44%
NO0013759753	28.08.2026	01.09.2028	200 000	200 839	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,28%
NO0013759761	28.08.2026	03.09.2029	100 000	100 442	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,41%
Sum gjeld ved utsteda verdipapirer				**501 317**	**500 604**	**500 620**	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	**Balanse 31.12.2025**	**Emittert**	**Forfalt/ innløyst**	**Øvrige endringer**	**Balanse 30.09.2026**
Obligasjonsgjeld	500 620	300 000	-300 000	697	501 317
Sum gjeld stiftet ved utsteda verdipapirer	**500 620**	**300 000**	**-300 000**	**697**	**501 317**
Ansvarlige lån	0				0
Fondsobligasjoner	0	0	0	0	0
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Note 12 Kapitaldekning

Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med sikte på vidaresal, samt investeringar i venture capital-selskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekta fram mot 31.12.2030. I perioden 31.03.–31.12.2026 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar 130 % for langsiktige aksjeinvesteringar og 160 % for kortsiktige investeringar og investeringar i venture capital-selskap og liknande.

Morbank	**30.09.2026**	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625	31 625
Eigene eigenkapitalbevis	-673	-673	-673
Overkursfond	32 812	32 812	32 812
Sparebanken sitt fond	962 943	943 190	943 190
Gåvefond	99 512	30 378	30 378
Utjamningsfond	54 808	54 420	54 420
Fond for urealiserte vinstar	105 974	64 888	64 888
Resultat etter skatt	0	0	154 153
Sum eigenkapital	**1 287 001**	**1 156 640**	**1 310 793**
Utbyte og gåver	0	0	-23 915
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-785	-750	-774
Andre frådrag i rein kjernekapital	-23 448	-22 079	-22 079
Rein kjernekapital	**1 262 768**	**1 133 811**	**1 264 025**
Fondsobligasjonar	0	0	0
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	**1 262 768**	**1 133 811**	**1 264 025**
Ansvarlig lånekapital	0	0	0
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	**0**	**0**	**0**
Sum ansvarleg kapital	**1 262 768**	**1 133 811**	**1 264 025**

	30.09.2026	**30.09.2025**	**31.12.2025**
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	0	0	0
Institusjonar	0	7 995	3 655
Føretak	166 607	157 724	153 753
Pantesikra eigedom	2 916 550	2 547 065	2 589 101
- Herav pantesikra i bustadeigedom (CRR3)	*2 570 637*	*2 189 067*	*2 230 870*
- Herav pantesikra i næringseigedom (CRR3)	*345 913*	*357 998*	*358 231*
Forfalne engasjement	85 498	123 470	130 725
Høgrisiko	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 231	10 801	11 101
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	119 120	131 081	116 825
Andelar verdipapirfond	74 505	65 574	68 267
Eigenkapitalposisjonar	474 986	394 290	414 572
Andre engasjement	168 720	157 057	154 890
Subordinert gjeld	67 877	66 404	66 837
	0	0	0
	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**4 084 094**	**3 661 461**	**3 709 726**
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	346 303	317 759	346 303
Sum berekningsgrunnlag	**4 430 397**	**3 979 220**	**4 056 029**

Konsolidering av samarbeidande grupper

Føretak som deltar i samarbeidande gruppe skal foreta forholdsmessig konsolidering av eigarandelar i finansforetak som samarbeidet omfattar, jf. Finansforetaksloven § 17-13 (2) og utfyllande fastsetjingar i CRR/CRD-forskriftens § 16 (3) og §32 (4).

Sogn Sparebank deltar i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (2,17 %) og Eika Boligkreditt (0,85 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 i samsvar med unntaksregelen i berekningsforskriften § 18 bokstav c, som svarar til artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ein auke i kapitaldekning på morbanknivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte talla. Historikken er ikkje omarbeida.

	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Rein kjernekapital	**1 245 729**	**1 121 408**	**1 247 115**
Kjernekapital	**1 251 965**	**1 128 389**	**1 253 874**
Ansvarleg kapital	**1 260 372**	**1 137 798**	**1 263 574**
Berekningsgrunnlag	**4 733 047**	**4 291 521**	**4 358 955**
Rein kjernekapitaldekning i %	**26,32 %**	**26,13 %**	**28,61 %**
Kjernekapitaldekning	**26,45 %**	**26,29 %**	**28,77 %**
Kapitaldekning i %	**26,63 %**	**26,51 %**	**28,99 %**
Uvekta kjernekapitaldekning %	**12,21 %**	**11,70 %**	**13,04 %**

Note 13 Eigarandelsbrøk

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjer per 30.09.2026 kroner 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande kroner 50,- tickerkode SOGN.

Eigarandelsbrøk for Q3-2026, sjå tabell, er utrekna med utgangspunkt i eigarandelsbrøk for 2025, justert for utbetalingar gjennom 2025.

Beløp i tusen kroner	31.12.2025	31.12.2024
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625
Overkursfond	32 812	32 812
Utjamningsfond	68 724	67 070
Del av bytteforhold	10 804	10 804
Sum eigarandelskapital (A)	**143 965**	**142 311**
Sparebanken sitt fond	962 941	943 189
Gåvefond	109 389	39 375
Grunnfondskapital (B)	**1 072 330**	**982 565**
Fond for urealiserte vinstar	105 974	64 887
Anna eigenkapital (eigne EK bevis)	-673	-673
Estimert bytteforhold	-10 804	-10 804
Sum eigenkapital	**1 310 792**	**1 178 286**
Eigarandelsbrøk A/(A+B)	**11,84 %**	**12,65 %**

Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar

Dei 20 største eigarane pr. 30.09.2026 utgjer 48,46 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.09.2026

Navn	Beholdning	Eierandel
BJØRKEHAGEN AS	60 400	9,55 %
WERGELAND HOLDING AS	32 830	5,19 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	31 740	5,02 %
ØYER VEKST AS	16 500	2,61 %
DAHLSTRØM, FINN SVERRE	15 800	2,50 %
ØIE, ODD REIDAR	13 824	2,19 %
SOGN SPAREBANK	13 450	2,13 %
VALDERSNES, THOMAS	13 100	2,07 %
EIKA GRUPPEN AS	11 200	1,77 %
HANØY, PER	11 000	1,74 %
HÅPE AS	10 000	1,58 %
ÅRDAL KOMMUNE	10 000	1,58 %
AMBLE INVESTMENT AS	9 129	1,44 %
HETLEVIK AS	9 002	1,42 %
SÆTHER, ESPEN	8 965	1,42 %
GRAFINOR AS	8 900	1,41 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	8 158	1,29 %
NAGELL, MARTIN JAKOB	7 882	1,25 %
LUSTER SPAREBANK	7 600	1,20 %
Avanza Bank AB	7 037	1,11 %
Sum 20 største	**306 517**	**48,46 %**
Øvrige eigenkapitalbeviseiere	325 983	51,54 %
Totalt antall eigenkapitalbevis (pålydende kr 50)	**632 500**	**100,00 %**

Antall bevis:	**632 500**
Antall eiere:	**1 010**

Note 15 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.



Bilete frå ein haustdag i Sogn.